



Knut og Åshild Sjøwall var ikkje heilt på line med partikollega Magne Huglen (i midten)

Det er ynskjeleg og mogleg å fortette bustadområde fleire stader i Uskedalen til beste for dei eldre, vart det konstatert ikveld då omsorgsbustader var tema under novembarmøtet til Uskedal Utvikling i Gamleskulen.

Politikarveteranen Knut Sjøwall anklaga politikarane for å ha hatt for liten gjennomføringskraft på dette området medan Arbeiderpartipolitikar Magne Huglen meinte det var for mykje svartmaling av situasjonen. Hagetunet vart trukke fram som eit mønster.



Frammøtet til dette viktige møtet kunne ha vore betre

Der er det 18 bueiningar og kommunen disponerer 11 av dei. Men Huglen streka under at eit slikt tun ikkje må verta for stort og dermed vanskeleg å organisera. Eit areal som var trukke fram i møtet som aktuelt var Stølen som ligg like inntil Hagetunet. Gunnar Kjærland, som har flytta frå einebustad til Hagetunet, roste tilbodet og var svært tilfreds med skiftet. Her er det beredskap heile døgnet. Harald Sunde meinte at ein fullføring av prosjektet på KV-tomta var ynskjeleg men det vart opplyst at leiinga av verksemda 'ligg på veret' når det gjeld fullføring. Det er viktig å ha dialogen igang om prosjektet. Møteleiar og UU-leiar Kristian Olav Bringedal minte om at forskarane meiner at eldre som har passert 75 har problem med å endre buform.

Åshild Sjøwall som er nestleiar i eldrerådet var svært skuffa over brutte lovnader frå kommunen med tanke på eldreomsorgen og meinte Uskedalen har eigna areal i sentrum. Ho peika her på Sandabakkane og Neset, men fekk opplyst at dei er uaktuelle for utbyggjing utifrå den planleggjing som pågår og som rullerast no. Knut Sjøwall peika på dei mange sentrumsfunksjonar som vår bygd har og som ligg tett i sentrum og lett kan nåast med rullator.

Magne Huglen kjente seg som politkar ikkje att i kritikken og hevda at Kvinnherad har minst like goid eldreomsorg som andre kommunar. Men vi forlanger stadig meir. Han opplyste at han har fleire aktuelle byggeområder til disposisjon, mellom anna Helselagtomta.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen